

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

---

## KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

### II. INNSKRIFTER MED BERRE PERSONNAMN

[**807**] N-37328. (Tidlegare omtala: Hagland 1988b: 23; 1989: 93; 1990b: [42]; 1990c: 108; 1994c: 255f, 262; NIyR VI: 168, 180, 207, omtala som A178.)

Innskrifta står på eit lite kjevle av tre, bevart i tre brot. Delane er til saman 87 mm lange og har eit største tverrsnitt på 9 x 7 mm. Funnet vart gjort i 1976, felt FF i hovudfase 2, som arkeologisk er tidfest til perioden frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet. Det er runer på tre av sidene, dei to breisidene (a og c) og ei av smalsidene (= side b). Innskrifta dekkjer heile flata av side a, dvs. at runene der er frå 5 til 8 mm høge. Side c er delvis defekt, men har elles same runehøgde som side a. Runene på side b er i gjennomsnitt 5 mm høge. Gjenstanden er trass konservering svært medteken og har etterkvart vorte vanskeleg å lesa. Attgjevinga byggjer først og fremst på studiar av gjenstanden i 1984, då han var i noko betre forfatning. Best bevart synest side a, der det er restar av ein stav i fremre brotkant. Elles er kvisten på r. 5 svært vanskeleg å sjå slik kjevlet er no (1994). Ordskiljesteikna med unnatak av det første på denne sida har tre punkt. Ei lesing av Aslak Liestøl på 1970-talet gjer framlegg om at r. 15 på denne sida skal lesast som **d**. Den sprekken som synest å ha leidd til den lesemåten, kan likevel ikkje ha vore del av runa. Det synest sikkert, jamvel om kjevlet var noko meir medteke då kontroll ved stereolupe vart gjort. Side b og c er det nesten uråd å lesa, om kort tid vil truleg treet vera så medteke at innskrifta vil gå tapt. Det fester seg såleis ein viss tvil ved flest alle teikna på desse sidene no. Mest uklårt er kanskje spørsmålet om r. 2 og 6 på side c har kvist som kryssar staven eller om det er enkelsidig stav ned til venstre. Med denne tvilen er runene likevel lesne som **a** her:

--] ? ʰ. þ ð R Y R I Y R : Y ð þ Y ð 1 R : ' ð I ʰ :

a) --] ? **n . þ u r k r i m r : k u þ m u t r : s u i n :**

????\* : Y R I Y R

b)???? **h : k r i m r**

--] \* ʰ(?) ʰ Y ʰ ʰ(?) ? ʰ(?) ?

c) --] **h a(?) l k i a(?) ? n(?) ?**

a) -- , *Þorgrímr, Guðmundr, Sveinn* b) -- *Grímr* c) -- *Helgi*, -- .

Det som med dei nemnde atterhald og vanskar kan lesast på dette kjevlet, er såleis opprekningar av mannsnamn. Det gjeld alle tre sidene. Side b vil alternativt kunna oppfattast som eit samansett namn med *-grímr*, og side c kan isolert sett seiast å ha eigarinnskrifts form: *Helgi á* -. Dette kan vil likevel berre spekulera over slik gjenstanden med innskrifta er bevart. I høve til det som står på dei to andre sidene er det like rimeleg å gå ut frå at r.5 på side c representerer første rune i eit påfølgjande namn, **a(r)n(i)** t. d.

Innskrifta i seg sjølv stør det inntrykket av høg alder som går fram av den arkeologiske dateringa. Det er nytta **u** med lydverdien /o/ i **purkrimr**. I norske innskrifter er det vanlegvis nytta **ás**-rune (**o**) for slik vokal frå og med tidleg 1000-tal (jf. NIyR V: 242f). Trondheimsmaterialet synest å stadfesta dette kronologiske skiftet i norsk runeskrift (jf. Hagland 1994c: 261f.). Skrivemåten **suin** kunne tenkjast å representera monoftongisert skrivemåte slik vi kjenner det t. d. frå danske innskrifter. I den arkeologiske og runologiske konteksten denne delen av innskrifta står **i**, må vi kunna gå ut frå at **i** her markerer diftongen /ei/ i *Sveinn* og såleis peikar attover i tid liksom bruken av **u** for /o/ (jf. Sanness Johnsen 1968: 45). I same lei går skrivemåten **halki** for *Helgi*, om det er det namnet vi har å gjera med her. Namnet *Helgi* er såleis belagt i forma **halka** (gen.) i N225 (Klepp I, jf. òg NIyR V: 199). Samla sett synest såleis dette å vera ei av dei eldste innskriftene frå gravingane i Trondheim på 1970- og 1980-talet. Ei datering av innskrifta til første halvdel av 1000-talet er sannsynleg.

Kva funksjon slike rekkjer med namn kan ha hatt på eit slikt runekjevle må bli ståande nokså ope i eit tilfelle som dette med ein medteken gjenstand, der vi heller ikkje kan vera sikre på om det er delar av innskrifta som er gått tapt. Men runekjevle med liknande opprekningar av personnamn er kjende frå andre samanhengar (jf. Liestøl 1963: 15f).